Alminnelege kontraktsvilkår for kjøp av varer og utstyr

Vindauge til Hamna 20, Volda kommune

Inngått mellom:

[Skriv her]
(heretter kalla Leverandøren)

og

Volda kommune
(heretter kalla Kunden)

Stad og dato:

[Skriv stad og dato her]

_____

Volda kommune	[Namnet på Leverandøren her]
_____	_____
Underskrifta til Kunden	Underskrifta til Leverandøren

Arkivreferanse: 26/1385

Volda kommune

Innhald

1. Innleiing ... 3
2. Vedlegg til avtalen ... 3
3. Tolking – Rangordning ... 3
4. Partane sine representantar ... 3
5. Endringar av leveransen etter avtaleinngåinga ... 3
6. Levering ... 4
7. Installering/montering ... 4
8. Undersøkingsplikt ... 4
9. Garantiperiode og garantiytingar ... 4
10. Ansvar for underleverandør og tredjepart ... 4
11. Pris og betaling ... 4
12. Teieplikt ... 4
13. Misleghald ... 5
13.1. Misleghald frå Leverandøren ... 5
13.1.1. Kva som vert rekna som misleghald ... 5
13.1.2. Avhjelp ... 5
13.2. Misleghald frå Kunden ... 5
13.3. Varslingsplikt ... 5
13.4. Kundens sanksjonar ved misleghald ... 5
13.4.1. Tilbakehald av ytingar ... 5
13.4.2. Dagbot ved forseinking ... 5
13.4.3. Prisavslag ... 5
13.4.4. Heving ... 6
13.4.5. Dekningskjøp ved manglande leveranse og ved heving ... 6
13.5. Leverandørens sanksjonar ved misleghald ... 6
13.5.1. Forseinkingsrenter ... 6
13.5.2. Betalingsmisleghald ... 6
14. Erstatning ... 6
15. Andre vilkår ... 7
15.1. Risiko for Leveransen ... 7
15.2. Overdraging av rettigheiter og plikter ... 7
15.3. Konkurs, akkord e.l. ... 7
15.4. Force majeure ... 7
16. Lov om kjøp (kjøpsloven) ... 7
17. Tvistar ... 7

1. Innleiing

Desse alminnelege kontraktsvilkåra gjeld for kjøp av varer og utstyr der Volda Kommune er Kunden.

Ei nærare beskriving av ytingane kontrakten gjeld følgjer av kontraktens vedlegg.

2. Vedlegg til avtalen

Alle rubrikkar skal vere kryssa av (ja eller nei)	Ja	Nei
Vedlegg 1: Kravspesifikasjon	X	
Vedlegg 2: Prisvilkår *Vedlegg 2, Bilag 1: Prisskjema*	X X	
Vedlegg 3: Administrative vilkår varekjøp	X	
Vedlegg 4: Bilete av dagens vindauge og dører	X	

3. Tolking – Rangordning

Ved motstrid skal følgjande tolkingsprinsipp leggast til grunn:

1. Standardvilkåra for varekjøp går framfor vedlegga.
2. Vedlegg 2 går framfor vedlegg 1 kva angår pris
3. Vedlegg 1 går framfor vedlegg 2 for andre forhald enn pris
4. Vedlegg 1 og vedlegg 2 går framfor vedlegg 3.

4. Partane sine representantar

Kvar av partane skal ved inngåinga av avtalen nemne opp ein representant som er gitt fullmakt til å opptre på vegner av partane i saker som gjeld avtalen. Representant som har fått fullmakt for partane, og prosedyrar og varslingsfristar for eventuell utskifting av desse, er spesifisert nærare i Vedlegg 3.

Alle varsel, krav eller andre meldingar knytt til denne avtalen skal gis skriftleg til den andre parts representant.

5. Endringar av leveransen etter avtaleinngåinga

Dersom Kunden etter at avtalen er inngått, har behov for å endre krava til ytingane eller andre føresetnader for avtalen på ein slik måte at karakteren eller omfanget av ytingane vert annleis enn avtalt, kan Kunden be om endringsavtale.

Leverandøren kan krevje justeringar i vederlag eller tidsplanar som følge av endringa. Krav om justert vederlag eller tidsplan må settast fram seinast samtidig med Leverandøren sitt svar på førespurnaden frå Kunden om endringsavtale.

Endringar av leveransen skal skje skriftleg og skal underteiknast av representant for partane som er gitt fullmakt.

6. Levering

Leverandøren skal plassere alle varer på avtalt eller anvist stad ved levering. Eventuell emballasje skal fjernast og takast med av Leverandøren. Kunden skal sørge for at mottaksforhalda er tilrettelagt slik at leveransen kan gjennomførast på avtalt måte. Leveransen skal følgjast av pakkeseddel som skal signerast av Kunden.

Ved levering skal det for alle produkt, der dette er relevant, følgje produktdatablad, bruksrettleiing og eventuelle andre dokument som er relevant for bruken av produkta, eller som er påkravd etter lov eller forskrift. Disse dokumenta skal vere på norsk, svensk, dansk eller engelsk.

Levering skal skje til det tidspunkt som er avtalt mellom partane, jf. Vedlegg 3.

7. Installering/montering

Avtalen inkluderer ikkje installering/montering av vindauga. Dette arbeidet vil Kunden organisere sjølv.

8. Undersøkingsplikt

Kunden er forplikta til å undersøke leveransen etter vanlege kjøpsrettslege vilkår og slik god forretningsskikk tilseier.

9. Garantiperiode og garantiytingar

Leverandøren sin tilbodne garanti står i Vedlegg 3.

Føresett normal, aktsom bruk frå Kundens si side, skal Leverandøren utan ekstra kostnad utbetre feil og manglar, skifte ut defekte delar på utstyr som er omfatta av denne avtalen, og som Kunden har reklamert på innan utløpet av garantiperioden. Det kan ikkje krevjast erstatning eller andre misleghaldsfullmakter knytt til manglar som vert utbetra i samsvar med garantiansvaret.

10. Ansvar for underleverandør og tredjepart

Dersom Leverandøren engasjerer underleverandør eller Kunden engasjerer tredjepart til å utføre arbeidsoppgåver som følger av denne avtalen, er parten fullt ansvarleg for utføringa av desse oppgåvene på same måte som om parten sjølv stod for utføringa.

11. Pris og betaling

Pris og prisvilkår følgjer av vedlegg 2 med bilag.

12. Teieplikt

Informasjon som partane vert kjende med i samband med avtalen og utføringa av tenesta, skal behandlast konfidensielt og ikkje gjerast tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den andre parten.

Teieplikta gjeld også etter at avtalen er avslutta. Tilsette eller andre som fråtrer tenesta si hos ein av partane, skal påleggast teieplikt også etter fråtredinga om forhold som nemnt ovanfor.

Teieplikt er elles regulert i den enkelte tildelingsavtalen og i relevant lov eller forskrift.

13. Misleghald

13.1. Misleghald frå Leverandøren

13.1.1. Kva som vert rekna som misleghald

Det føreligg misleghald frå Leverandøren si side dersom leveransen ikkje er i samsvar med dei funksjonane, krava og fristane som er avtalte. Det ligg også føre misleghald dersom Leverandøren ikkje oppfyller andre plikter etter avtalen.

Det ligg likevel ikkje føre misleghald dersom situasjonen kjem av forhold hos Kunden eller force majeure.

Kunden skal reklamere skriftleg utan ugrunna opphald etter at misleghaldet er oppdaga eller burde vore oppdaga.

13.1.2. Avhjelp

Leverandøren skal byrje på og gjennomføre arbeidet med å avhjelpe misleghaldet utan ugrunna opphald, ved utbetring, omlevering eller tilleggslevering utan ekstra kostnad for Kunden.

13.2. Misleghald frå Kunden

Det ligg føre misleghald frå Kunden si side dersom Kunden ikkje oppfyller pliktene sine etter avtalen.

Det ligg likevel ikkje føre misleghald dersom situasjonen kjem av forhold hjå Leverandøren, eller force majeure.

Leverandøren skal reklamere skriftleg utan ugrunna opphald etter at misleghaldet er oppdaga eller burde vore oppdaga.

13.3. Varslingsplikt

Dersom ein av partane ikkje kan oppfylle pliktene sine som avtalt, skal parten så raskt som mogleg gi den andre parten skriftleg varsel om dette. Varselet skal opplyse om årsaka til problemet og så vidt det er mogleg angi når ytinga kan leverast. Tilsvarande gjeld dersom det må reknast med ytterlegare forseinkingar etter at første varsel er gitt.

13.4. Kundens sanksjonar ved misleghald

13.4.1. Tilbakehald av ytingar

Ved misleghald frå Leverandøren kan Kunden halde betalinga tilbake, men ikkje openbert meir enn det som er nødvendig for å sikre Kunden sitt krav som følger av misleghaldet.

13.4.2. Dagbot ved forseinking

Vert ikkje avtalt tidspunkt for levering, eller annan frist som partane har knytt dagbøter til halde, og det ikkje skyldast force majeure eller forhald hjå Kunden, ligg det føre ei forseinking frå Leverandøren som gir grunnlag for dagbot.

Dagbota kjem på automatisk og utgjer 500,- kvar kalenderdag forseinkinga varer, men avgrensa til maksimalt 20 % av total kjøpesum, eller 100 (hundre) kalenderdagar.

13.4.3. Prisavslag

Dersom det trass gjentatte forsøk ikkje har lykkast Leverandøren å avhjelpe ein mangel, kan Kunden krevje forhaldsmessig avslag i kontraktssummen. Prisavslag er kompensasjon for redusert verdi av det leverte, og er uavhengig av eventuell erstatning.

13.4.4. Heving

Dersom det ligg føre vesentleg misleghald, kan Kunden, etter å ha gitt Leverandøren skriftleg varsel og rimeleg frist til å bringe forholdet i orden, heve heile eller delar av avtalen med omgåande verknad.

Kunden kan heve heile eller delar av avtalen med omgåande verknad dersom ytinga er vesentleg forseinka. Vesentleg forseinking ligg føre når levering ikkje er skjedd når maksimal dagbot er nådd, eller etter utløpet av ein tilleggsfrist dersom den går ut seinare.

13.4.5. Dekningskjøp ved manglande leveranse og ved heving

Ved heving har Kunden rett til å foreta dekningskjøp på rimeleg måte og innan rimeleg tid etter hevinga. Det same gjeld ved manglande leveranse. Kunden har då krav på erstatning av differansen mellom avtalt pris og prisen på dekningstransaksjonen, i tillegg til anna erstatning etter denne avtalen.

13.5. Leverandørens sanksjonar ved misleghald

13.5.1. Forseinkingsrenter

Dersom Kunden ikkje betalar til avtalt tid, har Leverandøren krav på rente av det beløpet som er forfalle til betaling, i samsvar med lov 17. desember 1976 nr. 100 om renter ved forsinket betaling m.m. (forseinkingsrentelova).

13.5.2. Betalingsmisleghald

Dersom forfalle vederlag med tillegg av forseinkingsrenter ikkje er betalt innan 30 (tretti) kalenderdagar frå forfall, kan Leverandøren sende skriftleg varsel til Kunden om at avtalen vil verte heva dersom oppgjer ikkje er skjedd innan 60 (seksti) kalenderdagar etter at varselet er mottatt.

Heving kan ikkje skje dersom Kunden gjer opp forfalle vederlag med tillegg av forseinkingsrenter innan utløpet av fristen.

14. Erstatning

Ein part kan krevje erstatta kvart eit direkte tap, medrekna meirkostnader ved dekningskjøp, tap som kjem av meirarbeid og andre direkte kostnader i samband med forseinking, mangel eller anna misleghald, med mindre den misleghaldande parten godtgjer at misleghaldet eller årsaka til misleghaldet ikkje skriv seg frå den misleghaldande parten.

Eventuelle dagbøter kjem til frådrag i eventuell erstatning for same forseinking.

Erstatning for indirekte tap kan ikkje krevjast. Indirekte tap omfattar, men er ikkje avgrensa til, tapt forteneste av alle artar, tapte innsparingar, tap av data, og krav frå tredjepartar med unntak av erstatningsansvar ein er dømt til for rettsmanglar.

Samla erstatning er avgrensa til eit beløp som tilsvarar kontraktssummen ekskl. mva.

Desse avgrensingane gjeld likevel ikkje dersom den misleghaldande parten eller nokon denne svarer for, har utvist grov aktløyse eller forsett.

15. Andre vilkår

15.1. Risiko for Leveransen

Utstyr som vert levert ifølge denne avtalen, vert Kunden sin eigedom frå det tidspunktet utstyret er levert som avtalt, og kjøpesummen er betalt.

Risikoen for skade som skjer på Leveransen på grunn av ei tilfeldig hending, går over frå Leverandøren til Kunden ved faktisk levering.

15.2. Overdraging av rettigheiter og plikter

Kunden kan heilt eller delvis overdra sine rettar og plikter etter avtalen til anna offentleg verksemd, som då har rett på tilsvarande vilkår.

Leverandøren kan berre overdra sine rettigheiter og plikter etter avtalen med skriftleg samtykke frå Kunden. Dette gjeld også dersom Leverandøren vert delt i fleire selskap, eller dersom overdraginga skjer til eit dotterselskap eller anna selskap i same konsern, men ikkje dersom Leverandøren vert slått saman med eit anna selskap. Samtykke kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

Retten til overdraging i avsnittet over gjeld berre dersom den nye Leverandøren oppfyller dei opphavlege kvalifikasjonskrava frå forutgåande anskaffing, det ikkje vert gjort andre vesentlege endringar i kontrakten og overdraging ikkje skjer for å omgå regelverket om offentlege anskaffingar.

Retten til vederlag etter denne avtalen kan fritt overdragast, men fritar ikkje Leverandøren for hans plikter og ansvar.

15.3. Konkurs, akkord e.l.

Dersom det i samband med verksemda til Leverandøren vert opna gjeldsforhandlingar, akkord eller konkurs, eller anna form for kreditorstyring gjer seg gjeldande, har Kunden rett til å heve avtalen med omgåande verknad, såframt ikkje anna følger av ufråvikeleg lov.

15.4. Force majeure

Skulle det inntreffe ein ekstraordinær situasjon som ligg utanfor partane sin kontroll, som gjer det uråd å oppfylle plikter etter denne avtalen og som etter norsk rett må reknast som force majeure, skal motparten varslast om dette så raskt som mogleg. Forpliktingane til den ramma parten vert suspenderte så lenge den ekstraordinære situasjonen varer. Motytinga frå den andre parten vert suspendert i same tidsrom.

Motparten kan i force majeure-situasjonar berre avslutte avtalen med samtykke frå den ramma parten, eller dersom situasjonen varer eller er venta å ville vare lenger enn 90 (nitti) kalenderdagar, rekna frå det tidspunktet situasjonen inntreff, og då berre med 15 (femten) kalenderdagars varsel. Kvar av partane dekker sine eigne kostnader knytte til avslutning av avtaleforholdet. Kunden betaler avtalt pris for den del av leveransen som var levert i tråd med kontrakt før avtalen vart avslutta. Partane kan ikkje rette andre krav mot kvarandre som følge av avslutning av avtalen etter denne regelen.

16. Lov om kjøp (kjøpsloven)

Forhold som ikkje regulerast av denne avtalen skal regulerast i samsvar med vilkåra i lov om kjøp av 13. mai 1988 nr. 27 (kjøpsloven).

17. Tvistar

Partane sine rettar og plikter etter denne avtalen vert i heilskap fastsette av norsk rett.

Dersom det oppstår tvist mellom partane om tolkinga eller rettsverknadene av avtalen, skal tvisten først søkast løyst ved forhandlingar mellom partane.

Dersom ein tvist i tilknyting til avtalen ikkje vert løyst etter forhandlingar, kan partane forsøke å løyse tvisten ved mekling.

Partane kan velje å legge Den Norske Advokatforening sine reglar for mekling ved advokat til grunn, eventuelt modifisert slik partane ønsker. Det er føresett at partane vert samde om ein meklar med den kompetansen partane meiner passar best ut frå tvisten.

Den nærare framgangsmåten for mekling vert fastsett av meklaren, i samråd med partane.

Dersom ein tvist ikkje vert løyst ved forhandlingar eller mekling, kan kvar av partane forlange tvisten avgjort med endeleg verknad ved norske domstolar.

Kunden sitt heimting er verneting.

Partane kan alternativt avtale at tvisten vert avgjort med endeleg verknad ved skilsdom.